

Fra: Sture Arild Karlsen[sture.karlsen@skl.as]  
Sendt: 21.09.2023 07:40:39  
Til: Grethe Marie Sandvik[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: SV: Dammar Midtbotnvatn - rehabilitering - Avtale om bruk av kommunal grunn

---

Hei!

Nok ein gong takk for rask sakshandsaming av førespurnaden vår!

Eg skal notere meg at vi prøver å informere dykk om korleis det går med søknaden vår.

Eitt anna spørsmål: Som det går fram av detaljplanen for miljø og landskap, planlegg vi pga. den auka trafikken på Blådalsvegen i anleggsperioden, og da spesielt massetransporten frå Vasslia til Midtbotn, å etablere fleire permanente møteplassar langs veggen. Dette er tenkt gjort i samråd med utførande entreprenør som også vil bygge desse. Er dette noko kommunen som grunneigar i området vil stille dykk positive til? Dersom de gjev grønt lys til at vi kan gå vidare med denne ideen, vil vi komme tilbake med meir informasjon så snart at vi har eit forslag til konkrete plasseringar. Mtp. den stadig aukande trafikken langs veggen, trur vi at dette er eit tiltak som kan vere gunstig ut over anleggsperioden.

Vi vil rette same førespurnad til Fjellhaugen grunneigarlag.

Mvh. Sture A. Karlsen

---

**Fra:** Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>  
**Sendt:** 20. september 2023 09:46  
**Til:** Sture Arild Karlsen <sture.karlsen@skl.as>  
**Emne:** SV: Dammar Midtbotnvatn - rehabilitering - Avtale om bruk av kommunal grunn

Hei igjen.

Då har eg laga eit utkast til ein avtale om bruk av kommunal grunn 104/1 og 104/2 til steinbrudd på botn av dam Midtbotnvatn, steinbrudd ved Blådalsvatn, lagringsplass mm som omsøkt og vist i dokument Dam Midtbotnvatn, oppgradering av dam, 15.06.2023, sjå vedlegg.

Fint om Kvinnherad kommune som grunneigar kan få litt tilbakemelding om korleis det går med søknaden vidare.

Lykke til.

Med helsing  
**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø  
Mobil: +47 918 99 796

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Frå:** Sture Arild Karlsen <[sture.karlsen@skl.as](mailto:sture.karlsen@skl.as)>

**Send:** onsdag 20. september 2023 06:39

**Til:** Grethe Marie Sandvik <[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** SV: Dammar Midtbotnvatn - rehabilitering - Avtale om bruk av kommunal grunn

Hei og takk for rask respons!

For meg ser dette ut til å vere god nok dokumentasjon av det DMF ber om. Du kan berre gjere det ferdig så sender vi det til dei og ser kva som skjer.

Mvh. Sture A. Karlsen

---

**Fra:** Grethe Marie Sandvik <[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Sendt:** 19. september 2023 16:03


**Til:** Sture Arild Karlsen <[sture.karlsen@skl.as](mailto:sture.karlsen@skl.as)>

**Emne:** VS: Dammar Midtbotnvatn - rehabilitering - Avtale om bruk av kommunal grunn

Hei

Viser til sak som gjeld oppgradering av dam Midtbotnvatn, og forespørsel om løyve frå Kvinnherad kommune som grunneigar til å ta ut stein ved Blådalsvatn og kanskje også i Midtbotnvatn.

Når det gjeld steinbrudd i Midtbotnvatn så gjeld forespørselen steinbrudd på botn av eksisterande dam Midtbotnvatn, og når det gjeld ved Blådalsvatn, så er det å ta ut stein i eit eksisterande gammalt steinbrudd.



SKL har følgjande tinglyst rett på 104/1 og 104/2 frå 1915.

*«rett til at anlegge veie, taugbaner, ledningar etc og oppføre barakker samt alle andre anlegg nødvendige til vassdragets utbygging og drift, kraftstasjoner i den nuværende utmark»*

I samband med kartlegging av moreneførekost i Midtbotn, så gav eg den 22.06.2022 løyve til å gjennomføre naudsynt kartleggingsarbeid i samband med seismiske undersøkingar samt uttak av nokre få masseprøvar.

Kvinnherad kommune som grunneigar til 104/1 og 104/2 gjer med dette løyve til steinbrudd på 104/1 og 104/2 som vist i vedlagt dokument Dam Midtbotvatn, oppgradering av dam, 15.06.2023.

Vilkår for rett til steinbrudd:

1. SKL har plikt til å dekkje alle kostnader med tiltaket, og er ansvarleg for at tiltaket blir omsøkt, godkjent, bygd og vedlikehalde ut frå gjeldande føreskrifter.
2. Kommunen som grunneigar fråskriver seg alt ansvar (herunder erstatningsansvar) for tiltaket.
3. Privatrettslige og naborettslige høve i forhold til andre er SKL sitt ansvar.

Gje meg gjerne ei tilbakemelding snarast råd om det er noko eg bør tilføre eller endre på.

Med helsing

**Grethe Sandvik** | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*

---

**Frå:** Sture Arild Karlsen <[sture.karlsen@skl.as](mailto:sture.karlsen@skl.as)>

**Send:** mandag 11. september 2023 07:00

**Til:** Grethe Marie Sandvik <[grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no](mailto:grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no)>

**Emne:** Dammar Midtbotvatn - rehabilitering - Avtale om bruk av kommunal grunn

Hei!

Eg syner til tidlegare kontakt om dette prosjektet.

Vi er no komme så langt at detaljplanen for miljø og landskap er til godkjenning i NVE (sjå vedlegg). Denne beskriv mellom anna at vi planlegg å ta ut stein til arbeida inne i magasinet i Midtbotvatn. Som eit alternativt område for uttak av stein, har vi beskrive bruk av det gamle steinuttaket ved Blådalsvatn. Uttak av morene vil skje i Vasslia ved Fjellhaugvatn.

Sidan uttaket av både stein og morene er større enn 10.000 m<sup>3</sup>, må vi søke Direktoratet for mineralforvaltning om såkalla driftskonsesjon. Som ein del av søknaden, må vi kunne dokumentere at vi har avtale meg aktuelle grunneigarar. For uttaket i Vasslia har vi inngått avtale med Fjellhaugen grunneigarlag.

Når det gjeld områda ved Midtbotvatn og Blådalsvatn, er Kvinnherad kommune grunneigar, men vi er usikker på om dette også er tilfelle inne i magasinet.

Vi har trong for ein eller annan form for avtale eller annan dokumentasjon av at vi har løyve frå Kvinnherad kommune som grunneigar til å ta ut stein ved Blådalsvatn og kanskje også i Midtbotvatn.

Kan du sjå på korleis dette kan løysast på enklast og best mogleg vis?

Vi håpar på ei snarleg tilbakemelding då vi er i ferd med å utarbeide søknaden om driftskonsesjon.

Mvh



[www.skl.as](http://www.skl.as)

Sture A. Karlsen  
Prosjektleiar  
[sture.karlsen@skl.as](mailto:sture.karlsen@skl.as)  
975 56 064